



Forslag til plan for arbeidet i 2023



Aktivitetar og arrangement:

- Søndagskafear etter oppsett plan. Prøve å ha eit tema/program på nokre av kafeane.
- Arrangere ein eller to elles søndagsmiddagar i 2023.
- Arrangere to helgekurs i turrmuring i august og september.
- 17.mai-feiring på Årebrot
- Felles dugnadar på grendahusa i mai/juni
- Strandryddeaksjon i mai/juni.
- Bygdehelg med sommarbasar: 14.-16.-juli med fotturar, fiskekonkurransse, foredrag på tema mm
- Hjortefest i november.
- Julemesse på Årebrot i slutten av november.
- Romjulskafe/juletefest 3.dag jul.



Husa våre

- Måle ferdig grendahuset i Botnane.
- Gjere ferdig skulestova i Botnane med lister mm
- Utarbeide planar for ein garasje med lager for utstyr ved grendahuset i Botnane og søkje om midlar.
- Lage til porten v/Botnane grendahus.
- Halde fram med å skifte kledning på grendahuset på Årebrot.
- Rydde garasjen/lageret i Årebrot grendahus.
- Få sett i stand kaihuset på Villevika.
- Rydde og plante i uteområdet ved Årebrot grendahus.
- Få ein oversikt på behovet for vedlikehald og reparasjonar på dei to grendahusa.

Andre tiltak

Nærmiljøanlegg

- Gjere ferdig og opne diskgolfbana
- Starte å planlegge eit mindre nærmiljøanlegg ved grendahusa i Botnane og på Årebrot, t.d. ei hinderløype, klatreområde eller anna, og søkje om midlar til gjennomføringa.

Turstiane.

- Få lagt alle stiane inn på ulike digitale kart plattformer på nett.
- Merke fleire korte nærturar.
- Arrangere stolpejakt om vi får ein lokal sponsor.
- Samarbeide med turlaga i Florø og i Bremanger.

Gatelys og busstur i Sørbotten

- Arbeide vidare med å få bygd busstur og sett opp lyspunkt langs vegen i Sørbotten i regi av fylkeskommunen. Grendalaget kan gå inn med midlar og søkje ulike instansar om støtte.

Gjestebrygger

- Arbeide med å få til gjestebrygge både på Årebrot og i Botnane.

Krigsminne

- Få opp skilt og merke sti fram til krigsminna i Breivika og i Nøre Dalen. Samarbeide med Flora historielag.
- Lage ein plan for ein stoppeplass i Breivika for dei som ynskjer å vitje Roska.

Viktige saker

Frøysjøvegen – fylkesveg 577:

- Arbeide vidare med å få godt nok vedlikehald og opprusting av vegen mellom Myklebustkrysset og Villevika (Frøysjøvegen – Fylkesveg 577)
- Arbeide for å få redusert fartsgrense gjennom Botnane.

Båtruter

- Arbeide med å få stjernestopp for Kystvegekspressen på veg nordover – og for ruta som går frå Florø til Smørhamn (Sylvarnes) om morgonen.